

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7. Skav

Fylke: Vest Agder.

Tilleggsspørsmålnr. til nr 7 Skav.

Herad: Laudal.

Emne:

Skav

Bygdelag: Øvreheia

Oppskr. av: O.G.Bruskeland

Gard: Bruskeland

(adresse): Mandal.

G.nr. 8 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Høyrde ikkje neke om at krøterhandlere betalte meir om våren for ku som hadde fått skav om vinteren.

Høyrde ikkje neke om at skav innvirka på kjøtet.t.d. at kjøtet blei svart.

Høyrde ikkje neke om at ~~Kj~~ mjølka var uheldig for kalver. eller grisunger.

Eg høyrde bare at skav kunde gje bitter smak på mjølka og fløyten og at smaken gjek vidare til smøret.

Faren var størst etter bruk av espeskav.

I bygda blei bare brukt lite skav. Der var lite skavskog-esp og regn.

Dei skov ulike mykje for året. Hadde det vore eit dårhøiår skov dei meir end etter gode forår.

Skav var set på som nødfor, men ein rekna det som ein fordel å ha espeskog til lauving om summaren og skaving til vinteren.

Om vinteren nytta dei så dei små kvistane på espa til for undet namnet "brøm". Ordet skjevel høyrde eg ikkje som namn på redskapen.

Dei små greinene t.d. over ein tome i tvermål "skov" dei med tellekniv. Trestykkene som blei at kaldte dei "skjevlar"

Større dele av espa skov dei med bannekniv eller ein avbrekt ljå-som nemnd i mit føre svar. eit svært primitivt redskap. Med den eine handa heldt dei i "kjøde" på ljåen og med den andre handa der ljåen var brekt av -etter at der var sett på eit skaft eller surra rundt eit stykke tøm.

25/10 -56.

O. G. Bruskeland

12556

nr. 2. -

B.A.